



Årsmelding for Handballgruppa 2014.

Styret i handballgruppa 2014:

Maria Kalstad Brun,	Leiar
Oddmund Hoel,	Minihandball og hall- og utstyrssansvarleg
Gunn Erene Sandvik,	Kiosk- og dommaroppgjersansvarleg
Jorunn Sie,	Spelarregistrering og lisenssansvarleg

Handballgruppa til IL Bjørn har hatt 99 aktive spelarar fordelt på 11 lag, 17 aktive tillitsvalte utanom styret. Handballgruppa jobbar framleis for å få fleire gutter som aktive spelarar. Og har i år gitt tilbod til 9, 10 og 13-åringar.

Jentelaga har vore fordelt på 9, 10, 11, 12, 14 år og damelag. Styret har hatt 3 samlingar. Ellers har det vore ein del samlingar med dei forskjellige laga ifht samanslåing av aldersbestemte lag, utfordringar ifht treningstider og samling med prosjektgruppa som utarbeider ny sportsplan.

Kort info om arbeidet i handballgruppa 2014/2015:

Handballgruppa har i sesongen 2014/2015 opplevd ein del frafall av trenrar og dommarar. Noko som og har prega tilboden me har hatt denne sesongen.

Handballgruppa har oppretta ei prosjektgruppe som jobbar med ein sportsleg plan for å sikre rekruttering og utvikling i åra som kjem. Handballgruppa vonar å vera klar med ein plan til hausten 2015. Ellers har gruppa klart målet om å etablere eit damelag som har holdt engasjement oppe og vist stor handballglede til tross for manglande trenar.

Guttelaga har opplevd aukande engasjement og fleire gutter ynskjer å vera med å spela. Fleire av dei eldre spelarane, både gutter og jenter, ynskjer å utvikle seg vidare både med dommar-og trenar kurs. Tre av J14 spelarane har vore trenar for J10. Spelarane er motiverte, ivrig og ynskjer å delta meir i utviklinga handballgruppa. Noko som gir gode utsikter for tida framover og som styret og handballgruppa må ta på alvor. Treningstider i hallen er og ei av dei store utfordringane som handballgruppa har vore prega av.

Laga og utvikling:

J9 og G9 har hatt sin første handballsesong. Her har det vore deltakarar frå heile kommunen, men laga opplevde fråfall frå Luster og Jostedal uovert i sesongen. Laga har samarbeida på kryss av kjønn og har hatt fokus på grunnleggande

håndballferdigheter. Borni har vore med på to minihandball-turneringar der den eine vart arrangert i Gaupne. Eit flott og vellukka arrangement.

J10 mangla både trenar og lagleiar før sesong. Men fekk ordna seg med tre spelalarar frå J14 som trenarar. Dette har gitt meirsmak for dei unge trenarane og har fungert godt. Denne løysinga vil me byggja meir opp under i året som kjem og gje unge trenarar kursing for å gje dei tryggheit i dette.

G10 har 13 spelalarar fordelt på to lag der dei fleste er i frå Gaupne. Dei har spelt jamne kampar og hevda seg godt i nokon av kampane.

J11 år har i år stilt 2 lag. Frammøtet har stort sett vore veldig bra. Spelarane på laget kjem frå Jostedalen, Gaupne, Nes, Høyheimsvik, Luster og Hafslo. Mange spelalarar har utvikla seg positivt og byrjar å skjønna at handball er eit lagspel der det er viktig å gjera lagkameratane gode. J11 er det laget som har blitt prega mest av treningsstidene som vart gitt denne sesongen. Takka vera trenar for J12 har J11 fått delt treningstid med dei.

J12 har og hatt ein stabil sesong med 13 spelalarar. Kontinuitet bland trenar og lagleiar har sett gode ramme for handballglede og utvikling hos jentene.

G13 Hadde ein fantastisk start på sesongen med, med godt forsvar og høg fart. Det har ellers godt litt opp og ned med prestasjonen gjennom sesongen. Men det er utan tvil ein klar forbetring frå i fjor. G13 opplever økt interesse og fleire gutter som er med på treningar.

Jenter 14 har sesongen 2014/15 vore samansett av 12 spelalarar fødde i 1999, 2000 og 2001, ein fin bukett som har fungert godt i lag. Laget har spelt kampar i heile fylket, og hatt mange gode opplevingar saman. Fokus på trening og kamp har vore meistring, trivsel og utvikling. Jentene har vore positive og jobba godt for å nå måla dei har sett seg. Ein





dag i veka har dei delt treningsstid med gutar 13, noko som har vore kjekt og fungert godt. Spelalar, lagleiarar og foreldre kan gleda seg over jentene si utvikling både på handballbana og sosialt. Trenar og lagleiarar gledar seg til å delta på Nordfjord Cup med laget. J12 og G13 har også meldt seg på same Cup og gledar seg til å delta og heia på kvarandres lag.

Damelaget har bestått av 12 spelalarar. Laget har stått utan trenar, men har klart seg bra takka vera ein fantastisk lagleiar og sterke, motiverte spelalarar som har tatt tak i treninga og styrt laget. Damelaget har møtt tøff motstand på bana, men har vist gode verdiar, stor handballglede og vore fine rollemodellar for dei yngre aldersbestemte laga. Målet for neste sesong er å gje dette laget ein trenar dei fortjener.

Utan engasjement frå lagleiarar, trenarar og foreldre hadde ikkje handballgruppa kunne gitt eit så breidt tilbod som me har idag. Dei har vore samarbeidsvillige og løysningfokuserte. Og alltid med eit glimt i auga.

Handballgruppa jobbar no for å legge til rette for at fleire skal kunne ta dommar og trenar-kurs til neste sesong. Og at treningsstidene til handballen er klar til sesongstart i september.

Prosjektgruppa for sportsplanen består av:

Maria Kalstad Brun, Per Rune Joranger, Linda Huseby og Linda Tuften. Linda Huseby har teke stort ansvar og engasjement for utforminga av sportsplanen.

Gaupne 12. februar 2015

Maria Kalstad Brun
-Leiar i handballgruppa-